

1.styremøte – 20.mai 2019 kl 18.00 på Hordaland museum

Desse møtte - Thomas Johnson, Per Otto Svendsby, Kjell Magnus Økland (sak 8), Cecilie Holm (tlf), Eirik Ådnanes.

Fråfall – Liv Bjerknes, vara Arnhild Lunde, vara Svein Arne Storesund

Saker

1 Konstituering

Leiar – Thomas

Nestleiar – Per Otto

Skrivar - Cecilie

Bladfyk – Kjell Magnus

Rekneskap/økonomi – Eirik

2 Økonomi og budsjettering av satsingsområde for fylkeslaget

Budsjett

Åreblad – 25.000 inkl porto

Reise – 10.000

Uforutsette utgifter – 5.000

3 Den store roen

Per Otto informerte om arbeidet med «Den store roen – 2019». Det er Sund kystlag som har ansvar for arrangementet som vert gjennomført 15.-16.juni. Ei gruppe har lagt planer for oppstart allereie fredag 14.juni og vil knyte seg på hovudarrangementet på laurdag. Planleggingsarbeidet er godt i gang etter mønster av fjorårets utgåve – roing, kulturhistoriske innslag, overnatting og mat.

Framfor neste årsmøte vil fylkesstyret be lokallaga om å melde inn datoar/helger som laga ønskjer å halda av til lokale aktivitetar. Dette for å unngå at større arrangement som fylkeslaget og andre inviterer til, ikkje konkurrerer om dei same deltakarar.

4 Deltaking på fylkestreffet

Askøy kystlag v/ Atle Grindheim (mob. 92420912) inviterer til fylkestreff for Hordaland kystlag på Strusshavn. Datoen 21.-23.juni er vald for å koordinera med Askøydagane og styrke begge arrangement. Representantar frå fylkesstyret vil delta på arrangementet.

5 Koordinering av deltaking frå Hordaland i samband med landsmøtet 2019

Saka vart diskutert. Styret landa på at det ikkje skulle vera ein innsats på å koordinere fellesreise til landsmøtet i år.

6 Fylkessamanslåing og evt. utviding av fylkeslaget

Styret drøfta kva for følgjer samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane skal/kan få for fylkeskystlaget og landa på at ein bør arbeide vidare med ein invitasjon til kystlaga i Sogn og fjordane om å bli medlem i fylkeskystlaget når fylka vert samanslåtte. Samarbeid om endring av «Årebladet» til å vera eit blad for heile Vestland fylke er mest aktuelt.

Styret vil vurdera om det er mest naturleg å ta saka opp med kystlaga som allereide deltar i Årebladsamarbeidet først, eller om ein bør ta direkte kontakt med alle laga i Sogn og Fjordane.

7 Sommartokt - "Gamle Oksøy" - korleis kan fylkeslaget engasjere seg

Fylkeskystlaget kan formidle informasjon til dei lokale kystlaga. Lokallaga må sjølv ta stilling til korleis dei vel å delta i arrangement samen med Fyrvesenet og «Gamle Oksøy».

8 Kravet om båtførarprøve i kystlagssamanheng og medlemmane fødd før 1980 - kan HFKL yte hjelp?

Styret drøfta stillinga til dei velrøynde medlemmane våre, fødd før 1980, som no vil få eit absolutt krav om å skaffa seg båtførarprøva for å halde fram med aktivitetar til sjøs retta mot ikkje-medlemmar. Det er viktig å stø opp under at dei eldre, mest røynde medlemmane kan halde fram med å ta moglege framtidige medlemmar med på tokt. Difor vil styret følgje opp ideen om eit båtførarprøvekurs i regi av forbundet kysten, eller ein desentralisert modell for kystlagsmedlemmer organisert gjennom Forbundet Kysten.

9 Ymist

Kjell Magnus rapporterer at det er komne inn få saker til «Årebladet». Styret vil ikkje gje ut ei avkorta utgåve av bladet. Men bladet er og ein viktig kjelde til informasjon og inspirasjon og bidreg til at lokale aktivitetar vert kjende for eit større publikum. Det vart vedteke å sende ut ei siste purring. Om det kjem inn saker, blir bladet gitt ut i vår. Elles kjem bladet ut som haustutgåve – som eit retrospektiv. Styret vil då vurdera å sende ut eit informasjonsflak etter forma frå «Kystbrevet» frå forbundet slik at komande arrangement vert kjend.

Thomas informerte om appen «Trimpoeng». Appen gjer det lett å organisere aktivitetskonkurransar med automatisk registrering av oppnådde delmål via mobiltelefonen. Lokallaga kan t.d. peike ut turmål på eit sjøkart, stipulere at deltakarane må ro eller segla til turmåla og opne konkurransen i eit gitt tidsrom... sommaren.... Juli... veke 26... Deltakarane lastar ned appen til mobilen, melder seg på konkurransen og ror/seglar når dei sjølv vil sankar inn turmåla i løpet av perioden. Appen gjev lokallaga fullstendig kontroll over kva for turmål dei vil peike ut, og er ei fin oppfordring til 'å koma ut på tur'.

«Trimpoeng» -konseptet vert sak til neste styremøte.